

Saksbehandlar: Audun Erik Sunde, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 18/7945-2

Hywind Tampen - Høyring av forslag til utredningsprogram for konsekvensutredning

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik fråsegn:

Sogn og Fjordane fylkeskommune vel å konsentrere fråsegna rundt samfunnsmessige ringverknadar gjennom følgjande kommentarar.

- 1) Sogn og Fjordane Fylkeskommune vil i samband med prosjektet be lisenshavar, saman med styresmaktene, om å sjå på moglegheitene som kan liggje i ytterlegare elektrifisering på Tampenområdet og i Nordleg Nordsjø elles, gjennom etablering av overføringskapasitet frå fastlandet. Slik overføringskapasitet vil vere viktig infrastruktur ved ev auka produksjonsvolum offshore og for å sikre tilstrekkeleg og stabil effektleveranse til dei installasjonane det er aktuelt å elektrifisere. Ein bør vidare vurdere om det finnest ev. synergjar knytt til overføringskapasitet til UK, og om ein slik kabel med fordel bør byggjast så langt nord som mellom Sogn og Fjordane og Shetland – Skottland.
- 2) Aktiviteten på Snorrefeltet er svært viktig for olje- og gassverksemda i Flora og i Sogn og Fjordane elles. Godkjenning av Snorre Expansion Project stadfesta denne posisjonen. Vi vonar at dette vil danne mønster også når det gjeld ev. realisering av Hywind Tampen, og vi ber om at planar for forsyningar og driftsstøtte vert synleggjort i konsekvensutgreiinga.
- 3) Potensialet for offshore vind på norsk sokkel er stort, og dette kan verte eit viktig satsingsområde framover. Det bør leggjast stor vekt på informasjon til og involvering av leverandørindustrien – deriblant leverandørane i Sogn og Fjordane – slik at desse får best mogleg føresetnadar for å levere konkurransedyktige tilbod. Vi ber om at konsekvensutgreiinga synleggjer korleis denne utfordringa kan løysast.

SAKSFRAMSTILLING

I tilknytning til eksisterande olje- og gassinstallasjonar i Tampenområdet vurderer Equinor å byggje ut ein flytande vindpark kalla Hywind Tampen. Konsekvensutgreiingsprogram er sendt på høyring og ligg på <https://www.equinor.com/en/how-and-why/impact-assessments/hywind-tampen.html>. Frist for å gje fråsegn er 30. november 2018.

Vindparken blir vurdert bygd med opptil elleve vindturbinar med ein total kapasitet på 80 – 100 MW. Utbygginga vil vere basert på Hywind. Dette er Equinor sin flytande vindturbinetnologi som selskapet har utvikla gjennom dei siste 15 åra.

Vindparken vil bli kopla opp mot Gullfaks- og Snorreinstallasjonane for å forsyne dei med vindbasert elektrisk kraft. Det er ikkje planar om å knyte vindparken til nett på land.




Fig 1: Prinsippkisse Hywind Tampen




Fig 2: Lokalisering Hywind Tampen

Tiltaket vil kunne redusere utsleppa frå desse installasjonane med om lag 200 000 tonn CO₂/år og 1 000 tonn NO_x/år. Produksjonsstart er planlagt til 2021/2022 med ein antatt produksjonsperiode på om lag 20 år.